

## Årsmøteprotokoll

16.02.2017

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breedablik" torsdag 16.02.2017 kl. 20:00.  
Møtet vart halde på Breedablik.

**Sak 01/17 : Val av ordstyrar**

Harald Sætre (styreleiar) vart samrøystes valt som ordstyrar.

**Sak 02/17 : Godkjenning av innkalling**

Årsmøtet vedtok samrøystes godkjenning av innkalling. Det var ikkje merknadar.

**Sak 03/17 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll**

Hilde Brune Nystøyl vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

**Sak 04/17 : Oppteljing av medlemar og antal stemmer på årsmøtet**

Det var 12 stk. medlemar tilstades og desse representerte 12 røyster.

**Sak 05/17 : Årsmelding og årsrekneskap 2016**

- Årsmeldinga for 2016 vart lagt fram av styret og opplesen av ordstyraren.

Årsmøtet vedtok samrøystes årsmeldinga for 2016. Det var ikkje merknadar.

- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2016 vart gjennomgått og opplest.


Årsmøtet vedtok samrøystes årsrekneskapen for 2016. Det var ikkje merknadar.

Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

**Sak 06/17 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2017**

- Styret la fram budsjett for 2017, og orienterte om naudsynte gjeremål og planar.

Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet og tok orienteringa til vitande.



**Sak 07/17 : Festepunktavtale for eigedom – Sande kommune**

- Styret orienterte årsmøtet om grunnlag for og søknad om etablering av festepunktavtale og vedtak i Sande formannskap. Søknaden skal handsamast i Sande kommunestyre den 07.03.2017.

Årsmøtet vedtok samrøystes å gi styret fullmakt til å tinge om og å inngå festepunktavtale med Sande kommune for eigedomen Landsbyhuset Breidablik er tufta på. Festepunktavtalen skal inkludere arealet eit eventuelt tilbygg vil dekke. Festepunktavtalen skal tinglysast og kan nyttast som panteobjekt.

**Sak 08/17 : Etablering av pantelån**

- Styret orienterte årsmøtet om grunnlag for og søknad om etablering av pantelån og tilbod om slikt frå Sparebanken Møre.

Årsmøtet vedtok samrøystes at styret får fullmakt til å tinge om og å etablere pantelån for finansiering av innvendig akustisk oppgradering og oppussing av Landsbyhuset Breidablik slik planane vedteke på tidlegare årsmøter viser og med slik finansiering som er presentert årsmøtet. Pantelånet skal ikkje overstige kr. 2 000 000,- (kronertommillionar). Årsmøtet gir signaturrett for pantelånsavtalen til styreleiar og øk.ansvarleg i fellesskap.


**Sak 09/17 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg**

Harald Sætre (leiar og sekretær), Steinar Skoge (kino/drift) og Stine Brune Lillebø (kjøken/utstyr/arr.) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2017.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller på dette :  
Attval : Harald Sætre (leiar og sekretær), Steinar Skoge (kino/drift) og Stine Brune Lillebø (kjøken/utstyr/arr.).
- Ole Christian Grønnevik går ut av styret, utan erstatning. Han er likevel tilknytta drifta som fast dugnadsperson vedr. elektro.

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga. Styret for 2017 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar :	Harald Sætre	1 år
Økonomiansvarleg :	Toril Urkedal	2 år



Styremedlem :	Stine Brune Lillebø	1 år
Styremedlem :	Steinar Skoge	1 år
Styremedlem :	Bjarte Rovde	2 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	2 år

**Sak 10/17 : Val av valnemd for 2018**

- Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2018 utgjer ny valnemd : Toril Merete Urkedal, Bjarte Rovde og Lisa Iversen. Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2018.

**Sak 11/17 : Val av revisor**

- Styret innstiller på at attval av Jarle Gunnarstein som revisor. Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til revisor.


**Sak 12/17 : Orientering om akustisk oppgradering og utbygging**

Styret orienterte om konkrete planar for oppussinga :

- Dugnad
- Framdriftsplan
- Materialval
- Finansiering
- Tidlegare årsmøtevedtak

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.

Årsmøtet vart avslutta kl. 21:30

  
/ordstyrar

  
medunderskrift

